



Språket og artanes opphav

Kan ein samanlikne utviklinga av bokmål og nynorsk med utviklinga av dyra og plantane? Har evolusjonsteorien noko å bidra med i samband med språkutvikling?



JENS HAUGAN
førsteamanuensis i norsk

PERSPEKTIV

Dei første menneska kom frå Afrika og spreidde seg etter kvart til Asia og vidare til bl.a. Europa. Det finst fleire teoriar om dei tidlegaste menneska. Truleg fanst det fleire ulike mennesketypar samtidig over ein periode.

Det kan hende at ulike mennesketypar hadde utvikla ulike språk. Det kan òg hende at ulike språk oppstod samtidig etter at menneskestammar hadde skilt lag på eit tidlegare tidspunkt. Men norsk har i alle fall utvikla seg frå den språkgreina som heiter indogermansk.

Stamtre

Vi snakkar om *språkgrein* fordi vi kan lage såkalla *stamtre* på same måte som vi kan ta utgangspunkt i ein fossil og teikne forgreiningar etter kvart som vi finn ut korleis ulike andre artar har utvikla seg ut ifrå denne urforma. Utviklinga av språka kan følgjast og skjematiserast i form av stamtre

på same måte som ein følgjer utviklinga av plantar og dyr.

Kvar kjem så bokmål og nynorsk inn i biletet? Indogermansk forgreina seg vidare i bl.a. germansk, som i sin tur blei splitta i vest-, aust- og nordgermansk. Vestgermansk utvikla seg vidare til bla. engelsk, tysk og nederlandsk. Austgermansk døydde ut med gotarane (jf. Gotland og Göteborg). Mens nordgermansk blei til aust- og vestnordisk, som er opphavet til svensk og dansk på den eine sida og norsk, islandsk og færøysk på den andre sida. No har vi komme til vanleg skolepensum og norsk språkhistorie.

Gammalnorsk

Islandsk og færøysk er jo direkte etterkommarar etter gammalnorsk. Det var dei norske vikingane som busette seg på øyane i vest. Pga. den isolerte posisjonen ute i havet med mindre påverknad utanfrå, endra islandsk og færøysk seg mykje mindre dei siste tusen åra enn norsk. Ein islending kan framleis lese dei gamle sogene, mens vi må lære norrønt som eit fremmensspråk for å kunne lese Snorre i original.

Geografien spela ei stor rolle i artanes utvikling. Det gjeld også språka. Når det gjeld utviklinga av norsk og dei norske dialektane, er det fysiske grenser og kommunikasjonsvegar som påverkar språkutviklinga. Ei hovudgrense i Noreg er langfjella, som deler landet i aust og vest. I vest er det havet som er den naturlege grensa. I

aust er det austnordisk, dvs. svensk og i neste omgang dansk.

Ikkje overraskande

Dermed er det ikkje overraskande at dei austnorske dialektane er meir like svensk og dansk enn dei vestnorske dialektane. Det er heller ikkje overraskande at dei dalføra som har vore vanskeleg tilgjengelege i lengst tid, har dei mest alderdommelege dialektane.

Mens gotisk rett og slett døydde ut kan ein ikkje seie at gammalnorsk døydde ut. Gammalnorsk gjennomgikk ei rekke «genetiske» mutasjonar etter 1200-talet. Det er fleire faktorar som spela inn her.

Per i dag er den nynorske språkavlen i stor grad politisk styrt. Det er dei som meiner at ein ikkje skal ha slik styring. Men meiner ein då òg at ein ikkje skal ha ulike hunderasar lenger?

JENS HAUGAN

For det første førde lydendringar i dialektane til at det blei mykje samanfall av former, som gjorde det vanskeleg å oppretthalde t.d. kasussystemet. For det andre førde svartedauden til at skriftspråket og «utdanningssystemet», i den grad ein hadde det, blei sterkt svekka. Og så fekk ein mange hundre år med dansk som offisielt

skriftspråk og også talespråk blant embetsmennene. Dersom ein lukkar inn 100 schæferhundar saman med 10 labradorar, kan ein tenkje seg sjølv korleis den genetiske utviklinga ville bli over tid.

Hundeavl som døme

Det kan vere greitt å bruke hundeavl som døme. Ein har i mange samanhengar prøvd å avle tilbake til meir opphavlege rasar ved å isolere visse trekk. Og det er i grunnen akkurat det same ein gjorde med norsk på 1800-talet.

Henrik Wergeland og Knud Knudsen tok dansken og prøvde å blande inn meir og meir norsk for å prøve å avle fram ein reinare «norskkrase». Mens Ivar Aasen samla saman restane av norsk som fanst spreidd i heile landet, og prøvde å få dei til å stabilisere seg slik at det blei eit levedyktig språk på sikt. Ein kan rett og slett snakke om «språkavl» i denne samanhengen.

Reindyrking av rasar føreset at ein klarer å halde fremmende gen utanfor. Men dette er i praksis ikkje mogleg når det gjeld språk. Dersom ein ser på evolusjonen som prinsipp, så vil ikkje nynorsk kunne overleve som ei eiga grein utan tilstrekkeleg mange «reine» språkbrukarar. Per i dag er den nynorske språkavlen i stor grad politisk styrt. Det er dei som meiner at ein ikkje skal ha slik styring. Men meiner ein då òg at ein ikkje skal ha ulike hunderasar lenger?